

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Møtebok for Kommunestyret

Den 12.06.2013 kl 10:00 – 14.00 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.  
Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 029/13 - 038/13  
Innkalling til møtet var sendt ut den: 05.06.2013

### Desse møtte:

<b>Arbeiderpartiet:</b>	<b>Høgre:</b>	<b>Senterpartiet:</b>
Ragnvald Tangedal	<b>Karstein Totland, ordførar</b>	Vigdis Jorunn Søvik
Arthur Reidar Sjursen	Vebjørn Haugsdal (vara)	
Bjørn Egil Nordland	Wenke Fredheim Ekren	
	Lene Hansen Kvamsdal	
	Bjarte Andvik (vara)	
	John Torgeir Torsvik	
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
	Kjetil Fjellby	
<b>Kristeleg Folkeparti:</b>	<b>Framstegspartiet:</b>	<b>Venstre:</b>
Marit Steinestø, varaordførar	Willy Borge	Egil Kvingedal
Lillian Andvik	Janne-Judith K. Sandnes (vara)	Tove K. Sleire Tistel
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
	Erlend Kvamsdal	

### Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Ass. rådmann Sveinung Toft

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Karstein Totland
<b>Utlevert i møtet:</b>	1.Sweco – geologisk rapport for kommunedelplan Masfjordsambandet 2. NHIL – næringskonferanse 2013 3. Årsmelding 2012 – NGIR 4. Møteutskrift frå kontrollutvalet den 03.06.2013
<b>Orientering:</b>	Leila Torsvik Andvik – Handlingsplan vold i nære relasjonar
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	

Møte starta med generalforsamling i Einekavane AS – eigen protokoll, deretter oppstart med kommunestyret.

Formannskapet hadde fyrst ekstramøte kl. 08.30 – drøftingssaker som skulle vore i formannskapet den 04.06.13.

**Innkallinga vart godkjent.**

Vedtekter IUA vart samrøystes vedteke å tilføra sakskartet som tilleggsak.

**Sakslista vart godkjent.**

Ordførar Karstein Totland gjorde framlegg om Vigdis Søvik og Bjarte Andvik til å skriva under møteboka.

Samrøystes vedteke.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
029/13	13/387	Godkjenning av møteprotokoll	4
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
030/13	13/321	Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2013 - 2025 - oppstart og mandat	5
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
031/13	13/326	Framdriftsplan over prioriterte planoppgåver - vedtekne planar 2013	9
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
032/13	13/346	Avtale med BKK om leige av grunn til riggareal gnr 52/bnr 10 på Matre	14
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
033/13	11/64	Brannordning Masfjorden - vidareføring av brannsjef i 100 % stilling i Masfjorden og Gulen	19
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
034/13	13/378	Handlingsplan vold i nære relasjonar	23
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
035/13	13/348	Økonomisk rapportering - Tertialrapporter 2013	25
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
036/13	13/351	Rammer for årsbudsjett 2014 og økonomiplan 2014-17	28
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
037/13	13/386	Skriv og meldingar	56
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
038/13	13/371	Nye vedtekter for IUA Bergen Region	58

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	12.06.2013	029/13	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 13/387
-----------	---------------------

### SAK 029/13 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 08.05.2013 vert godkjent slik han ligg føre.

#### KS-029/13 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 08.05.2013 vert godkjent slik han ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 12.06.2013:

Merknad AP, Sjursen til **KS-021/13**

Det vart fyrst røysta over Ap sitt framlegg.

Ap sitt framlegg fekk 7 røyster og fall. (Ap, Frp, og Sp)

Det vart så røysta over formannskapet si tilråding med tilleggspunktet frå Høgre.

**Tilrådinga frå formannskapet med tilleggspunktet frå Høgre vart då samrøystes vedteke.**

**Må framgå at AP var i mot.**

**Vidare merknad frå Bjørn Egil Nordland, AP. påpeikte sein retting i høve sp.mål mobildekning Haugsdalen, som vart omtala som breibandsdekning Hope.**

Elles møteprotokoll samrøystes godkjent.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.06.2013	040/13	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	12.06.2013	030/13	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-101.5, N-567

Arkivsaknr.: 13/321

### SAK 030/13 - TRAFIKKSIKRINGSPLAN FOR MASFJORDEN KOMMUNE 2013 - 2025 - OPPSTART OG MANDAT

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arbeidet med trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune 2013 – 2025 vert starta opp. Trafikksikringsplanen er heimla i vedteken planstrategi, og kommuneplanen for Masfjorden kommune, samfunnsdelen og planskildringa. Trafikksikringsplanen vert utarbeidd som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1, 3. ledd.

Arbeidet vert organisert med formannskapet som styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe nedsett av rådmannen saman med ekstern konsulent. Leiargruppa i kommunen vert referansegruppe.

**Finansiering:** ekstern konsulent finansiert med midlar frå fylkeskommunen

**Heimel:** Kommuneplanen for Masfjorden kommune 2012-2024

#### FS-040/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Arbeidet med trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune 2013 – 2025 vert starta opp. Trafikksikringsplanen er heimla i vedteken planstrategi, og kommuneplanen for Masfjorden kommune, samfunnsdelen og planskildringa. Trafikksikringsplanen vert utarbeidd som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1, 3. ledd.

Arbeidet vert organisert med formannskapet som styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe nedsett av rådmannen saman med ekstern konsulent. Leiargruppa i kommunen vert referansegruppe.

#### Det skjedde i Formannskapet den 04.06.2013:

Saka vart drøfta, formannskapet ønskjer ein enkel og realistisk plan. → tilråding samrøystes likt med framlegg til vedtak

## **KS-030/13 VEDTAK:**

Arbeidet med trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune 2013 – 2025 vert starta opp. Trafikksikringsplanen er heimla i vedteken planstrategi, og kommuneplanen for Masfjorden kommune, samfunnsdelen og planskildringa. Trafikksikringsplanen vert utarbeidd som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1, 3. ledd.

Arbeidet vert organisert med formannskapet som styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe nedsett av rådmannen saman med ekstern konsulent. Leiargruppa i kommunen vert referansegruppe.

### **Det skjedde i Kommunestyret den 12.06.2013:**

Saka vart drøfta.

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

## **SAKSTILFANG:**

Gjeldande trafikksikringsplan for Masfjorden kommune år 2000 – 2003  
Rettleiar for Statens vegvesen: Kommunale trafikksikkerhetsplaner, håndbok 209  
Kommuneplanen for Masfjorden kommune 2012 -2024

## **SAKSUTGREIING:**

### **BAKGRUNN**

Det er behov for å revidere (endre) gjeldane Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune. Oppdatert plan er ein føresetnad for å få støtte til trafikksikringstiltak i kommunen.

### **FAKTA**

Gjeldande Trafikksikringsplan (TS-plan) for Masfjorden kommune år 2000 - 2003 er vedteke av kommunestyret den 30.11.2000 som sak 119/00. Denne planen er å sjå på som utdatert og kan ikkje lenger nyttast som heimel for å søke om medfinansiering for identifiserte tiltak i planen. Dessutan har det kome opp fleire moment som burde vore analysert etter at TS-planen vart vedteken.

Masfjorden kommunen vedtok kommuneplanen 31.05.2012. I samfunndelen er utarbeiding av TS-plan for kommunen lista som hovudtiltak under delmål 1, kommunal veg (side 62). Dette er tatt vidare i planstrategidokumentet som vart vedteke i kommunestyret 30.10.2012 der utarbeiding av TS-plan er lista som pkt 4 under overskrifta Lokalsamfunnsutvikling, folketalsauke og bustadbygging.

## VURDERING

I kommuneplanarbeidet har det blitt tydeleggjort at det er trong for trafikksikringstiltak

- rundt skular og barnehagar
- i forhold til møtestader som institusjonar / næringsområde / aktivitetsområde / badeplassar
- på ulukkespunkt og i tunnelar
- rundt busstopp

Viktige nøkkelord i desse samanhengane er miljøretta helsevern, folkehelse og dørstokkmila.

Trafikksikringsplanen skal vere eit verkemiddel for å legge til rette for trygge trafikktilhøve og sikring av dei mjuke trafikantane på vegnettet i Masfjorden kommune.

Trafikksikringsplanen vert utarbeidd som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1, 3. ledd.

### Organisering

Arbeidet vert organisert med formannskapet som styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe nedsett av rådmannen saman med ekstern konsulent. Lensmannen vil bli invitert til å delta i arbeidet.

Leiargruppa i kommunen vert referansegruppe.

### Medverknad

Arbeidet med trafikksikringsplanen legg opp til ei brei medverknad både lokalt og regionalt. Planprosessen sikrar og at innbyggjarane kan kome med innspel og gje høyringsuttalar.

I denne planen vil kommunen legge særleg vekt på å sikre medverknad frå barn og unge med å involvere barnas representant samt involvere eldrerådet og rådet for funksjonshemma for å få kartlagt desse gruppene sine behov på trafikksikringsområde.

Alle kommunale einingar vil bli oppfordra til å bidra aktivt i kartlegging av trafikksikrings-tilhøva knytt til eiga eining, blant anna busstopp.

### Mandat

Trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune skal skildre vegnettet i kommunen. Vegnettet er 3-delt; stamveg (E39), fylkesveg og kommunale vegar.

Tilhøva langs E39 er kartlagt og vil bli oppsummert og innarbeidd i trafikksikringsplanen.

For fylkesveg vil hovudtema vere:

- tunnelar
- bruer
- busstopp / busstur
- ulukkespunkt / fartsgrenser

For kommuneveg vil hovudtema vere:

- bruer
- busstopp / busstur
- kaiar
- ulukkespunkt / fartsgrenser

## KONKLUSJON

Arbeidet med trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2013 - 2025 vert starta opp i samsvar med sakutgreiinga.



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.06.2013	041/13	Sveinung Toft
Kommunestyret	12.06.2013	031/13	Sveinung Toft

Arkiv: N-101, N-101.3

Arkivsaknr.: 13/326

### SAK 031/13 - FRAMDRIFTSPLAN OVER PRIORITERTE PLANOPPGÅVER - VEDTEKNE PLANAR 2013

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret viser til framlegget frå rådmannen vist i saksutgreiinga, og sluttar seg til framdriftsplanen som her er skissert i tabellen. Temaplanar skal starta opp som eigne saker til formannskapet, her skal rammer for planarbeidet, deltaking og prosess verta drøfta.

#### Finansiering

Eigne ressursar i utgangspunktet. Kjøp av konsulenttenester er naudsynt for områdeplanar og er også aktuelt for enkelte av sektorplanane.

#### Heimel

Plan – og bygningslova  
Planstrategi for Masfjorden kommune

#### **FS-041/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Kommunestyret viser til framlegget frå rådmannen vist i saksutgreiinga, og sluttar seg til framdriftsplanen som her er skissert i tabellen. Temaplanar skal starta opp som eigne saker til formannskapet, her skal rammer for planarbeidet, deltaking og prosess verta drøfta.

#### Det skjedde i Formannskapet den 04.06.2013:

Orientering om saka og planar. Saka vart drøfta. → tilråding samrøystes likt med framlegg til vedtak

## **KS-031/13 VEDTAK :**

**Kommunestyret viser til framlegget frå rådmannen vist i saksutgreiinga, og sluttar seg til framdriftsplanen som her er skissert i tabellen. Temaplanar skal starta opp som eigne saker til formannskapet, her skal rammer for planarbeidet, deltaking og prosess verta drøfta.**

### **Det skjedde i Kommunestyret den 12.06.2013:**

Saka vart drøfta.

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

## **SAKSTILFANG:**

Planstrategi for Masfjorden kommune 2012 - 2016

## **SAKSUTGREIING:**

### **BAKGRUNN**

I planstrategidokumentet vedteke i kommunestyret 30.10.2012 vart planbehovet drøfta og framlegg til planarbeid vart lista opp i kap. 6 i dette dokumentet. Administrasjonen ønskjer no å invitera til ei drøfting kva offentlege planar som bør prioriterast slik at ein kan få på plass ein framdriftsplan slik planstrategien legg opp til. I tillegg til offentlege planar må sjølvstøtt private reguleringsplanar følgjast opp. Rådmannen vil særskilt nemna arbeidet som skjer med reguleringsplanane Fagerbotn og Rørdalen.

### **FAKTA**

Det vert vist til det vedlagde planstrategidokument, som i kap. 6 har ein oversikt over planar som bør lagast/ startast opp i planperioden fram til 2016.

### **OMRÅDEPLANAR (offentlege reguleringsplanar):**

Når det gjeld behov for å ferdiggjera og starta opp nye områdeplanar (juridisk bindande reguleringsplanar i offentleg regi), meiner rådmannen at følgjande planar må prioriterast.

#### **1. Områdeplan for Sandnes.**

Grunngjeving: Planen har vore på høyring i jan-mars 2013, og det er viktig at dette tettstadsområdet no får ein godkjent reguleringsplan. Ein plan her kan utløyse fleire bustadtomter og sikra gjennomføring av naudsynt vegutbetring med fortau i tettstaden. Det er også lagt ned store ressursar i samband med planarbeidet. Planarbeidet pågår.

## 2. Områdeplan for Haugsværdalen.

Her har Masfjorden kommune og BKK eit samarbeidsprosjekt med omsyn på å utvikla eit planlagt område for nettstasjon og nytt næringsområde på sørsida av Haugsværvatnet. Planarbeidet var oppe som eiga sak i formannskapet den 19.03.2013, sak 023/13, med vedtak om oppstart av planarbeid og med framlegg til planprogram. Planprogrammet er på høyring fram til 30.mai 2013. BKK har påteke seg store deler av kostnadane med planarbeidet, eigen avtale om dette er inngått.

## 3. Områdeplan for fjordkryssinga, Masfjordnes – Duesund.


Målet er å ha på plass ein godkjent reguleringsplan vd handsaming av regional transportplan i 2016. Oppstart av områdeplan bør då skje hausten 2013. Det er søkt om finansiering av deler av planarbeidet. Rapport frå forprosjekt låg føre juni 2012. Byggje – og deleforbod er vedteke i planområdet, og dette går ut i 2016.

## 4. Områdeplan for vegutbetring fv 570, krysset på Nordkvingo.

Her har Statens Vegvesen gjort eit større forarbeid, og planarbeidet treng difor ikkje verta særleg omfattande. Ved å gjennomføra dette planarbeidet kan ein få gjennomført eit viktig utbetningsprosjekt på fylkesveg 570, som også er ein del av det prioriterte Masfjordsambandet.

## 5. Områdeplan for nærings/ sentrumsområdet på Hosteland.

Område ved butikken på begge sider av fylkesvegen bort til bilverkstaden bør utviklast vidare som eit sentrumsområde med offentlege og private tenestetilbod, handel, kontor m.m. Det aktuelle området er vist på kartskisse nedunder:



## TEMAPLANAR/ SEKTORPLANAR:

Administrasjonen har drøfta behovet innanfor ulike sektorområde, og meiner at det er følgjande planar som hastar mest:

### **1. Samordna plan for helse, pleie og omsorg:**

Grunngjevinga for samordna plan for helse, pleie og omsorg er at samhandlingsreformen har gjeve kommunen nye utfordringar, og at det er lenge sidan desse fagområda har vorte drøfta samordna på tvers av områda. Nye utfordringar knytt til helsearbeid, rus, psykiatri og utvikling av nye tilbod og teknologi innanfor helse- omsorg og pleiefaget gjer at ei planfagleg tilnærming og drøfting er naudsynt og viktig. Nye tilbod på regionalt nivå, t.d. helsehusplanar, krev og at kommunen drøftar kva tilbod som bør oppretthaldast lokalt og kva som eventuelt kan sentraliserast eller inngå i interkommunale løysingar. Korleis viktige spesialisttilbod kan oppretthaldast og eventuelt utviklast vidare til beste for innbyggjarane i Masfjorden bør og vera tema i eit slikt planarbeid.

### **2. Hovudplan for drikkevatn:**

Det er og behov for ny hovudplan for drikkevatn, jf. planstrategien, for å drøfta strategiar og prioriteringar med omsyn på nye byggjeområde og forsyning til område utan offentleg drikkevatn. I tillegg må det lagast ein eigen detaljplan/ teknisk plan for å auka kapasiteten frå Masfjorden vassverk (Sandnes, Hosteland, deler av Gulen), jf kommunestyresak 018/13 om intensjonsavtale med Gulen knytt til utvikling av vassverk.

### **3. Trafikksikringsplan:**

Det er gjeve tilskot på kr. 120.000,- til kommunal trafikksikringsplan i brev av 04.12.2012 frå Hordaland fylkeskommune. Dette tilskotet må følgjast opp med oppstart hausten 2013. Eiga sak er førebudd til formannskapet om dette planarbeidet.

### **4. Kompetanseplan:**

Utarbeiding av kompetanseplan har vore diskutert over fleire år. Det er behov for å kartleggja noverande og framtidige kompetansebehov, og retta våre verkemidlar inn mot å prioritere heilskapeleg. Statleg mynde stiller krav om kompetanseplan for å tildela tilskot innan oppvekst og helse og omsorg. Hovudtariffavtalen stiller og krav om kompetanseplan.

### **5. Temaplan for oppvekst:**

Temaplan for oppvekst er tenkt å vera ein tverrfagleg plan for alle kommunale einingar som gjev tenester til aldersgruppa 0 – 18 år. I planstrategien er det sagt at planen skulle starta opp i 2013.

## VURDERING

Det er viktig for rådmannen å signalisera at ein sit med avgrensa ressursar både økonomiske og med omsyn på arbeidskapasitet, og at det difor er viktig å laga ein framdriftsplan som er realistisk i høve til kva administrasjonen kan makta. Andre faglege utgreiingar, og mindre temaplanar innanfor ulike sektorar kan og gjerast uavhengig av prioriteringane som er nemnt ovanfor, men større planarbeid, som krev involvering av mange etatar og som krev mykje administrativ kapasitet, eventuelt også kjøp av eksterne tenester bør vera med i denne framdriftsplanen.

## KONKLUSJON

Rådannen viser til den skisserte framdriftsplanen nedunder for planarbeid i Masfjorden kommune, og rår til at kommunestyret sluttar seg til denne. Planoppstart for alle temaplanane skal vedtakast i formannskapet i eigne saker, for å sikra politisk forankring. Fokus/ innhaldet i planarbeidet og deltaking/ involvering i planprosessen skal då utgreiast.

## Framdriftsplan:

<b>Plannamn</b>	<b>Oppstart hausten 2013</b>	<b>Oppstart våren 2014</b>	<b>Plan ferdig 2013</b>	<b>Plan ferdig 2014</b>	<b>Plan ferdig 2015</b>	<b>Plan ferdig 2016</b>
Områdeplan for Sandnes.			X			
Områdeplan for Haugsværdalen				X		
Områdeplan for fjordkryssinga, Masfjordnes – Duesund	X					X
Områdeplan for vegutbetring fv 570, krysset på Nordkvingo	X				X	
Områdeplan for nærings/ sentrumsområdet på Hosteland	X			X		
Samordna plan for helse, pleie og omsorg	X			X		
Hovudplan for drikkevatt	X			X		
Trafikksikringsplan	X			X		
Kompetanseplan	X			X		
Temaplan for oppvekst	X			X		

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.06.2013	042/13	Sveinung Toft
Kommunestyret	12.06.2013	032/13	Sveinung Toft

Arkiv: N-139

Arkivsaknr.: 13/346

### SAK 032/13 - AVTALE MED BKK OM LEIGE AV GRUNN TIL RIGGAREAL GNR 52/BNR 10 PÅ MATRE

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner framlegg til avtale med BKK om leige av grunn til riggareal og anleggsbrakke på gnr. 52 bnr. 10 på Matre.

Forskottinga frå BKK på kr 700.000,- skal betalast tilbake innan 31.12.2016.

Rådmann får fullmakt til å gjera redaksjonelle endringar/ mindre justeringar i avtalen før den vert underskriven.

#### **Finansiering**

Investeringsbudsjettet i perioden 2014 - 2016 eller kraftfondet.  
Årlege leigeinntekter til Masfjorden kommune

#### **Heimel**

Avtalelova

#### **FS-042/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Kommunestyret godkjenner framlegg til avtale med BKK om leige av grunn til riggareal og anleggsbrakke på gnr. 52 bnr. 10 på Matre.

Forskottinga frå BKK på kr 700.000,- skal betalast tilbake innan 31.12.2016.

Rådmann får fullmakt til å gjera redaksjonelle endringar/ mindre justeringar i avtalen før den vert underskriven.

#### **Det skjedde i Formannskapet den 04.06.2013:**

Saka vart drøfta. Tilråding samrøystes likt med framlegg til vedtak

## **KS-032/13 VEDTAK:**

**Kommunestyret godkjenner framlegg til avtale med BKK om leige av grunn til riggareal og anleggsbrakke på gnr. 52 bnr. 10 på Matre.**

**Forskotteringa frå BKK på kr 700.000,- skal betalast tilbake innan 31.12.2016.**

**Rådmann får fullmakt til å gjera redaksjonelle endringar/ mindre justeringar i avtalen før den vert underskriven.**

### **Det skjedde i Kommunestyret den 12.06.2013:**

Saka vart drøfta.

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

## **SAKSTILFANG:**

Framlegg til avtale mellom BKK og Masfjorden kommune dagsett 29.05.2013.

Notat frå Gulen og Masfjorden Utvikling av 22.05.2013


## **SAKSUTGREIING:**

### **BAKGRUNN**

BKK skal byggja ny kraftstasjon på Matre og treng leiga areal av Masfjorden kommune på deler av gnr. 52 bnr. 10 i ein periode på inntil 5 år. På arealet skal BKK sjølv byggja anleggsbrakke til kontorforemål. I tillegg skal Skanska, som er hovudentreprenør etablere overnattingsrigg m.m. inne på eigedomen til kommunen. Denne saka handlar om framlegg til avtale, som er framforhandla mellom BKK Produksjon og Masfjorden kommune, om leige av areal. Inkludert i avtalen er ei forskottering av BKK, som er sett til krone 700.000, for fire ekstra kontor som kan nyttast av Gulen og Masfjorden Næringshage, som er under etablering.

### **FAKTA**


Masfjorden kommune inngår avtale med BKK om å leiga ut eit areal på inntil 5 år, innanfor dei markerte grensene, som er vist med raud stipla linje på kartet nedunder.




Avtalen medfører at BKK får rett til å disponera, planera og tilretteleggja arealet etter eige behov i leigeperioden. Når leigekontakten går ut skal arealet først attende til opphavleg stand, dersom ikkje anna er avtalt. Det er grunneigar sitt ansvar å få godkjent eventuelle permanente bruksendringar. Masfjorden kommune gjer avtale berre med BKK, som igjen må gjera avtale med Skanska. Leigeperioden varer i 5 år frå og med 14.juni 2013 til og med 14. juni 2018.

Som leigesum skal grunneigar (Masfjorden kommune) overta ein kontorbygning (med 13 kontor, to møterom, toalett m.m.) med fast inventar. Det vert vist til vedlagde prinsipp-teikning nedunder, som viser førebelse utkast til fasadar. Fasadane mot vest og aust er ikkje teikna ferdig.





Denne bygningen skal oppførast på det nordlege leigeearealet. Det vert vist til situasjonsplan nedunder, som viser staden for den planlagde kontorbygningen/ anleggsbrakkka.



Situasjonsplanen viser at leigeeområdet med kontorbrakkka skal ha tilkomst frå sørvest, og at det og skal sikrast naudsynt plass til ny brannstasjon på sørsida av bygget. Ny brannstasjon kan vera aktuell å få på plass i laupet av 2014, om BKK og kommunen vert samde om å flytta eksisterande brannstasjon.

Gulen og Masfjorden Næringshage:

På nordvestsida av bygget er det og sikra plass til eventuell kontorlokale til Gulen og Masfjorden Utvikling (GMU). Dei har kome med sterke ønskjer om at desse 4 kontora vert bygd samstundes med kontorriggen til BKK, og at det her vert etablert ein node som del av ein planlagd næringshage for Gulen og Masfjorden. GMU har fått tilsegn om tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune. Ei utviding av riggen med 4 kontor, slik GMU ønskjer, (2 modular) vil kosta ca. 700.000 kroner, og BKK har teke på seg å forskottera denne investeringa. I framlegg til leigeavtale med BKK skal Masfjorden kommune betala dette beløpet tilbake innan 31.12.2016. Samstundes opnar avtalen for at Masfjorden kommune kan driva framleige av desse fire kontora i kontraktperioden.

## VURDERING

Rådmannen har vore oppteken av at Masfjorden kommune og BKK skal få på plass ein avtale som tener innbyggjarane og fellesskapet på beste måte. Ein leigeavtale på 5 år, er noko BKK sjølv ser seg tent med, og framlegg til avtale har slik ein ser det ikkje spesielle konfliktpunkt mellom eigar og leigar (BKK). Alternativet til å ha ei leige med overføring av kontorriggen til grunneigar (kommunen), kunne vore ei årleg leige for arealet, og at bygningen vart fjerna av

BKK så snart anleggsperioden vart avslutta. Fordelane med å inngå ein avtale om å overta bygningen etter 5 år, er at Masfjorden kommune får høve til å utvikla tettstaden Matre vidare. Eit kontorbygg på denne staden, med kort avstand til BKK sine produksjonsanlegg og linjenett, samt nærleik til både Havforskningsstasjonen på Matre og E39, gjer at rådmannen meiner at bygget vil verta mykje brukt også etter at anleggsperioden er avslutta.

Det har vore viktig å sikra at bygget får ein kvalitet som kommunen vil vera tent med også på lang sikt. BKK har teke på seg å byggja ei anleggsbrakke på 2 etasjar med liggjande trekledning, heis og saltak. Brakka skal oppførast i samsvar med Teknisk forskrift av 2010 sine krav. Parkeringsplassane utanfor bygget skal merkast opp. Det ligg enno ikkje føre ferdige fasadeteikningar av bygget, berre skisser.

Rådmannen meiner det er føremålsteneleg å investera 700.000 kroner av kommunen sine midlar, for å etablere 4 ekstra kontorer, for vidare utleige til Gulen og Masfjorden Næringshage, eventuelt andre næringsdrivande i området. Framlegg til leigeavtale medfører at beløpet på kr 700.000,- ikkje treng betalast til BKK før 31.12.2016. Det gjer at kommunen vil få leigeinntekter så snart dei første leigetakarane er på plass. Intensjonen er å sikra leigeinntekter frå næringshagen som medfører at kontorinvesteringa ikkje medfører ekstrautgifter for kommunen. Rådmannen meiner at framlegg til avtale er god for alle partar, og rår til at den vert godkjent. Finansieringa vert å koma attende til i samband med budsjettdrøftinga for 2014.

## KONKLUSJON

Rådmannen tilrår at formannskapet godkjenner framlegg til leigeavtale med BKK slik den ligg føre.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.06.2013	043/13	Sveinung Toft
Kommunestyret	12.06.2013	033/13	Sigvald Kvinge

Arkiv: N-55, N-016, N-PERM AVTALAR

Arkivsaknr.: 11/64

### **SAK 033/13 - BRANNORDNING MASFJORDEN - VIDAREFØRING AV BRANNSJEF I 100 % STILLING I MASFJORDEN OG GULEN**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjekt felles brannordning i Masfjorden og Gulen vert vidareført med brannsjef i 100 % ut 31.12.2014.

Hausten 2014 skal stillinga si storleik vurderast i samband med budsjettarbeidet.

#### **Finansiering**

Driftsbudsjett 2014. Avtale om vertskommunesamarbeid med Gulen av 01.01.2012.

#### **Heimel**

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om redningsoppgåve til brannvesenet (brannlova)

Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvern (dimensjoneringsforskrifta).

#### **FS-043/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Prosjekt felles brannordning i Masfjorden og Gulen vert vidareført med brannsjef i 100 % ut 31.12.2014.

Hausten 2014 skal stillinga si storleik vurderast i samband med budsjettarbeidet.

#### **Det skjedde i Formannskapet den 04.06.2013:**

Saka vart drøfta. Rådmannen presiserte at forlenging inneber fast tilsetjing for brannsjef. Gulen skal gjere tilsvarande vedtak juni 13. → tilråding samrøystes likt med framlegg til vedtak

**KS-033/13 VEDTAK:**

**Prosjekt felles brannordning i Masfjorden og Gulen vert vidareført med brannsjef i 100 % ut 31.12.2014.**

**Hausten 2014 skal stillinga si storleik vurderast i samband med budsjettarbeidet.**

**Det skjedde i Kommunestyret den 12.06.2013:**

Presisert i møte at sakshandsamar var Sveinung Toft, då det i innkallinga framsto som at Sigvald Kvinge var sakshandsamar.

Saka vart drøfta.

**Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

**SAKSTILFANG:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Brevdato</b>	<b>Avsendar/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
2	I	04.09.2008	Norconsult	Risiko og sårbarhetanalyse (ROS) av brannordning i Gulen og Masfjorden kommuner
3	I	29.05.2009	Norconsult	Beredskapsanalyse av brannordning i Gulen og Masfjorden kommuner
7	I	16.12.2010	Gulen kommune	Brannordning for Gulen kommune
6	I	28.01.2011	Masfjorden kommune	Revisjon av brannordningar Gulen og Masfjorden kommunar
4	I	28.01.2011	Masfjorden kommune	Fellesprosjekt - Revisjon av brannordningar Gulen og Masfjorden kommunar
5	I	28.01.2011	Masfjorden kommune	Revisjon av brannordning Gulen og Masfjorden kommunar
8	I	15.02.2011	Ørnulf Lillestøl	Brannordning for Masfjorden kommune
9	U	01.04.2011	Gulen kommune	Melding om politisk vedtak - Brannordning Masfjorden - etablering av felles brannordning Masfjorden og Gulen
10	U	05.09.2011	Gulen kommune ved Kjell Reigstad	Referat frå møte nr 1 i styringsgruppa for felles brannordning i Gulen og Masfjorden
11	U	07.09.2011	Brannmannskapa i Gulen og Masfjorden	Ny brannsjef - Orientering til mannskapa
16	U	07.10.2011	Gulen kommune	Møte nr 2 i styringsgruppa brann - GMBR
17	U	07.10.2011	Brannmannskapa i Brekke	Innkalling til øving ved Brekke brannstasjon (10/11)

18	U	07.10.2011	Brannmannskapa i Eivindvik	Innkalling til brannøving Eivindvik stasjon (10/11)
19	U	07.10.2011	Brannmannskapa på Dalsøyra	Innkalling til brannøving ved Dalsøyra depotstasjon (10/11)
20	U	07.10.2011	Brannmannskapa på Matre	Innkalling til brannøving ved Matre brannstasjon (10/11)
21	U	07.10.2011	Brannmannskapa på Sandnes	Innkalling til brannøving ved Sandnes stasjon (10/11)
22	U	07.10.2011	Brannmannskapa i Duesund	Innkalling til brannøving ved Duesund stasjon (10/11)
14	U	12.10.2011	Gulen kommune ved rådmannen	Avtale om felles brannvesen i Gulen og Masfjorden
26	U	27.10.2011	Gulen kommune	Melding om politisk vedtak - Brannordning Masfjorden - Avtale om felles branvern for Masfjorden og Gulen
25	U	27.10.2011	Rune Frode Bøe	Stadfesting i samband med fornying av sertifikat
27	U	07.11.2011	Gulen kommune ved Kjell Reigstad	Møte nr 3 i styringsgruppa brann - GMBR
13	U	10.11.2011	Brannmannskapa i Gulen og Masfjorden	Øvingsplan 4. kvartal 2011
23	U	10.11.2011	ved Jon S. Haugsvær Haugsvær auto AS	Avtale om beredskapssamarbeid mellom Gulen og Masfjorden brann og redning (GMBR) og Haugsvær auto
28	U	08.12.2011	Gulen kommune	Mannskapsoversikt for desember 2011
29	U	14.02.2012	Rådmennene i Gulen og Masfjorden	Avtaledokument - Gulen og Masfjorden brann og redning (GMBR)
30	U	14.02.2012	Gulen kommune v/rådmann	Oversending av avtaledokument Gulen og Masfjorden brann og redning til underskriving
31	I	24.02.2012	Gulen kommune	Underskrive avtaledokument - Gulen og Masfjorden brann og redning ( GMBR )
32	I	18.06.2012	Gulen kommune	Brannordninga for Gulen og Masfjorden kommunar - oppfølging
33	I	13.12.2012	NGIB	Avtale om Brannførebyggjande arbeid inngått mellom kommunane Austrheim, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Solund, Radøy og Fedje

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kommunestyret vedtok den 24.02.2011, sak 010/11 å etablere feles brannvernregion med Gulen kommune.

Endeleg organisering, kostnadsdeling og godkjenning av samarbeidsavtale vart å koma attende til, for godkjenning i kommunestyret. Avtalen med Gulen kommune vart inngått med verknad frå 01.01.2012. Denne avtalen kan seiast opp med eitt års varsel frå 31.12.det aktuelle året.

## FAKTA

I dokumentet til kommunestyret den 24.02.2011, vart det lagt føringar på at brannsjefen skulle vera i ei 100 % stilling i ein prosjektperiode på 2 år. Etter at prosjektperioden var over skulle stillingsprosenten verta vurdert på nytt. Brannsjefen sitt engasjement starta opp 15. august 2011. Avtalen med Gulen kom ikkje på plass før 1. januar 2012.

## VURDERING

Rådmannen vil visa til at prosjektet først kom skikkeleg i gang i laupet av sommaren 2012, med omsyn på viktige investeringar og kursing av nytt mannskap. Den første store øvinga vart først halden 26.september 2012 (Jernfjelltunellen). Mykje av tida i 2012 gjekk med til intern opplæring i brannvern (nettbaserte kurs og dokumentert internopplæring).

Først i april 2013 byrja 20 av mannskapet på grunnkurs for deltidspersonell, jf. krav i deltidstreforma av 2007 for brannvern. Dette kurset vart lokalisert lokalt, i samsvar med prosjektplan. Målet er å få tildelt nytt kurs for 20 personar lokalt i 2014.

Arbeidet med å byggja opp ei felles brannordning mellom Masfjorden og Gulen har vore eit stort arbeid, og kom diverre ikkje i full gang før sommaren 2012. Det er først no i 2013 at deler av mannskapstyrken (som er ca 70 personar) tek grunnkurset. Ut frå røynsler med liknande store prosjekt, meiner rådmannen at prosjektperioden med 100 % brannsjef bør vidareførast ut 31.12.2014. Først hausten 2014 har prosjektet kome inn i ei slik ordinær driftsfase at det er mogeleg å vurdera/evaluera om brannsjefen si stilling kan reduserast slik sak 010/11 i kommunestyret den 24.02.2011 la opp til. Hausten 2013 skal også arbeidet med overordna ROS analyse gjennomførast, og deltaking av brannsjefen er her viktig. Vidare er det eit større arbeid på gang for brannsjefen knytt til samordning av beredskapen i Sløvåg. Dette og mange andre oppgåver knytt til redning og brann framover gjer at fagfeltet framover krev ein brannsjef i 100 % stilling.

## KONKLUSJON

Prosjekt felles brannordning i Masfjorden og Gulen vert vidareført med brannsjef i 100 % ut 31.12.2014.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	12.06.2013	034/13	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-101.5

Arkivsaknr.: 13/378

### SAK 034/13 - HANDLINGSPLAN VOLD I NÆRE RELASJONAR

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Handlingsplan vold i nære relasjonar vert vedteken slik denne ligg føre.

#### Finansiering

Innanfor tildelt budsjett

#### KS-034/13 VEDTAK:

Handlingsplan vold i nære relasjonar vert vedteken slik denne ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 12.06.2013:

Saka vart drøfta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### SAKSTILFANG:

Stortingsmelding 15 (2012-2013) Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjoner. Veileder utgitt av Justis og politidepartementet. Veiledning for utvikling av kommunale handlingsplaner.

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Det er satt søkelys på temaet om vold i nære relasjonar i samfunnet generelt. Frå sentrale styresmakter er det oppmoda om å lage handlingsplanar som syner korleis kommunane arbeider for å forebygge, avdekke og avskjerme vold i nære relasjonar.

### HØYRING

Planen er drøfta i tverrfagleg støtteteam. Leiargruppa i kommunen hadde planen til gjennomgang 27 mai. Planen er ellers drøfta og gjennomgått med representantar frå RVTS (Regionale ressursentre om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging ).

### UTTALE

### FAKTA

Det er vektlagt at planen skal vere konkret, avgrensa i omfang og lett å setje seg inn i. Fokus er sett på situasjon og behov i Masfjorden. Vi treng ei brei oppslutning i det kommunale tenesteapparatet og vi treng tryggleik slik at innbyggjarane også tør ta kontakt direkte.

### VURDERING

Rådmannen meiner planen no framstår som ein ”fyrstegenerasjonsplan”. Den dannar eit utgangspunkt for oppstart av arbeidet og den set fokus på eit viktig tema. Sentralt er det å setje temaet på dagsorden. Det medfører at vi anerkjenner at dette er ei utfordring i samfunnet generelt og også hjå oss. Det medfører at voldsutsatte ser at vi er opptatt av dette, at ein ikkje er aleine om å oppleve vold og at ein ser at det er personar som ein kan ta kontakt med.

### KONKLUSJON

Rådmannen tilrår at formannskapet vedtek planen slik denne no ligg føre. Dette vil gje oppstart til tiltaka slik desse går fram av plandokumentet. I tidleg fase inneberer dette ei skolering av tilsette som kan kome i kontakt med personar som er eller har vore utsett for vold. Det vil også danne oppstart av utarbeiding av prosedyrar for møte med voldsutsatte i dei ulike tenestene hjå oss.



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.06.2013	044/13	Kristian Moen
Kommunestyret	12.06.2013	035/13	Kristian Moen

Arkiv: N-103

Arkivsaknr.: 13/348

### SAK 035/13 - ØKONOMISK RAPPORTERING - TERTIALRAPPORTER 2013

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Økonomisk rapportering 1. tertial 2013 vert teken til vitring

#### **Finansiering**

Ikkje aktuelt

#### **Heimel**

Forskrift om årsbudsjett for kommunar og fylkeskommunar §10.  
Økonomireglementet kap. 8 om rapportering

#### **FS-044/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Økonomisk rapportering 1. tertial 2013 vert teken til vitring

#### **Det skjedde i Formannskapet den 04.06.2013:**

Formannskapet etterlyste rapporten - sende på e-post til formannskapet

Gjennomgang av hovudtrekk i rapporten, som kan oppsummerast som følgjer;  
Resultat pr. 1.tertial korrigert for eigedomsskatt (2. av 4 terminar med i 2013, mot 1 av 4 i 2012) utgjer 6,9 mill.kr i pluss i driftsrekneskapen, og 1,5 mill.kr. lågare enn tilsvarande periode fjoråret. Avskrivningar ikkje bokført og difor lågare utgifter dei fleste rammeområda og tilsvarande mindre inntekter rammeområde "andre tenesteområder". Drift i samsvar med budsjett, og prognose pr. 1.tertial tilseier budsjettbalanse.  
Investeringsrekneskapen – berre mindre bokføringa pr. 1.tertial.

## KS-035/13 VEDTAK:

### Økonomisk rapportering 1. tertial 2013 vert teken til vitring.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 12.06.2013:

Saka vart drøfta.

Forhold kring nye føresegner KRD om budsjett (2011), inneber at investeringsprosjekt som er innarbeidd i eit års budsjett, men ikkje utført – må budsjetterast inn at på nytt i aktuelle budsjettår. Tidlegare praksis var at ein kunne gjere vedtak budsjett i år 1, og prosjekt gjennomført påfølgjande år utan at det vart teke inn at i budsjettet på nytt.

Tiltak innarbeidd under kommunale bygg 2013

Pri.	Tiltak	Pris
1	Bosshus på sjukeheimen	50 000
2	Ventilasjonsanlegg Sandnes Skule	1 300 000
3	Nytt ventilasjonsanlegg Matre skule	1 000 000

Sak om budsjettendring/saldering ikkje klar til møte, og som hadde svara opp ein del av spørsmål som kom i møte.

### Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes teken til vitring.

## SAKSTILFANG:

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Økonomisk rapportering 1. tertial 2013 skal gje ein status for den økonomiske stoda pr. 30. april 2013, informasjon om vesentlege faktorar som har innverknad på budsjettet og kommentarar frå rammeområde om forhold som gjer det nødvendig med tilpassingar av drifts- og investeringstiltaka.

Etablert praksis i Masfjorden kommune har vore at 1. og 2. tertialrapport og årsrekneskapen har vore handsama politisk.

### HØYRING

Rapporteringa frå driftseiningane er gjennomført med Web-rapportering frå økonomisystemet. Driftseiningane har sjølv ført inn kommentarar til rekneskapen, som legg grunnlaget for administrasjonen sine vurderingar. Driftseiningane sine kommentarar er med i rapporten.

## UTTALE

### FAKTA

Sjå Økonomisk rapportering 1. tertial 2013

### VURDERING

Den økonomiske stoda pr. 30. april 2013 i Masfjorden kommune er i store trekk i samsvar med budsjett.

På kontonivå er hovudtala

Kontogruppe	Rekneskap 30.4.2013	Budsjett 2013	% forbruk
Løn og sosiale utgifter	41 770 030	123 887 600	33,7 %
Driftsutgifter	14 396 285	65 120 900	22,1 %
Driftsinntekter	-69 146 287	-189 008 500	36,6 %

Det vil i varierende grad vera inntekter og utgifter som kjem til ulike tider på året, slik at ein fordeling på 1. tertial med  $\frac{1}{3}$  ikkje vert heilt rett.

Moment som vert viktige å følgje med i resten av året er lønsutviklinga. Fleire tenester rapporterer om for låge lønsbudsjett, og administrasjonen vil gå gjennom alle tenester for å sjå om dette kan dekkast av eige budsjett, eller om det må finnast dekning frå andre områder.

Det er ikkje budsjettert med kjøp av barnehageplassar i andre kommunar. I 2012 var denne utgifte på om lag 0,5 mill. kroner. Administrasjonen legg til grunn at dei borna som var i barnehage i annan kommune hausten 2012, og går der våren 2013. Korleis tilhøva vert ved start av nytt barnehageår er usikkert. Kan rekne med utgifter om lag som i 2012.

KLP har varsla om redusert %-sats på reguleringspremien i forhold til prognosen som ble lagt fram september 2012. Med eit pensjonsgrunnlag på om lag 101 mill. kr. vert ein reduksjon på 0,75 % gje ei innsparing på 0,75 mill. kr. på fellesordninga, og i tillegg ei innsparing på pensjonsordninga for sjukepleiarar og folkevalte, sjølv om pensjonsgrunnlaget er lågare her.

Da økonomisjefen bare har fungert i stillinga litt over ein månad, ber administrasjonen om å få koma tilbake til eventuelle budsjettkorrigeringar.

### KONKLUSJON

Tilrår at økonomisk rapportering 1. tertial 213 vert teken til vitring. Administrasjonen vil kome attende med eventuelle budsjettkorrigeringar.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.06.2013	045/13	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	12.06.2013	036/13	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 13/351
--------------	---------------------

### SAK 036/13 - RAMMER FOR ÅRSBUDSJETT 2014 OG ØKONOMIPLAN 2014-17

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Den økonomiske inntektsramma for 2014 -17 (jf. og med utgangspunkt i Kommuneproposisjonen for 2014) dannar grunnlag for flg. rammeføresetnader 1A;

#### Budsjettskjema 1A

	Ramme 2014	Ramme 2015	Ramme 2016	Ramme 2017
<b>FRIE DISPONIBLE INNTEKTER</b>				
Skatt på inntekt og formue	-49 000 000	-50 470 000	-51 984 100	-53 543 000
Ordinært rammetilskudd	-58 100 000	-59 843 000	-61 638 300	-63 487 400
Eigedomsskatt	-24 000 000	-24 000 000	-25 000 000	-25 000 000
Andre direkte eller indirekte skatter	-2 600 000	-2 600 000	-2 600 000	-2 600 000
Andre generelle statstilskudd	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>-134 400 000</b>	<b>-137 613 000</b>	<b>-141 922 400</b>	<b>-145 330 400</b>
<b>FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER</b>				
Renteinntekter og utbytte	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgii	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Avdrag på lån	4 300 000	4 300 000	4 300 000	4 300 000
